



Saksbehandlar: Mie Dahl Pind, Ida-Beate Mølmesdal, Synnøve Stalheim, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3972-67

Regional plan for klimaomstilling - endeleg vedtak

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert vedteken slik den ligg føre.

Vedlegg:

1. Regional plan for klimaomstilling i 2018 - 2021 - Plandel, framlegg til endeleg vedtak
2. Regional plan for klimaomstilling i 2018 - 2021 - Handlingsprogram 2018 - 2019, framlegg til vedtak
3. Regional plan for klimaomstilling i 2018 - 2021 - Kunnskapsdel, framlegg til endeleg vedtak
4. Oppsummering av innkomne høringsinnspeil

Andre relevante dokument i saka:

5. Utsendingsbrev til høringsinstansar. Saks nr. 16/3972-35

Vedlegg til utsendingsbrev:

 - a. Regional plan for klimaomstilling i 2018 - 2021 - Kunnskapsdel , høringsutkast
 - b. Regional plan for klimaomstilling i 2018 - 2021 - Plandel, høringsutkast
 - c. Regional plan for klimaomstilling i 2018 - 2021 - Handlingsprogram 2018 - 2019, høringsutkast
 - d. Mål, strategiar og tiltak frå RTP.
 - e. Framlegg til vedtak, Fylkesutvalet 07.03.2018
 - f. Protokoll vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, Fylkesutvalet 07.03.2018
6. Høringsinnspeil – Ungdomspolitisk utval. Saks nr. 16/3972-36
7. Høringsinnspeil – Workshop om grøn konkurransekraft. Saks nr. 16/3972-37
8. Høringsinnspeil – Ungdomsseminar i Sunnfjord. Saks nr. 16/3972-38
9. Høringsinnspeil – Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Saks nr. 16/3972-39
10. Høringsinnspeil – Naustdal kommune. Saks nr. 16/3972-40
11. Høringsinnspeil – Fylkesråd for eldre. Saks nr. 16/3972-41
12. Høringsinnspeil – Jølster kommune. Saks nr. 16/3972-42
13. Høringsinnspeil – Kystverket. Saks nr. 16/3972-43
14. Høringsinnspeil – Ugt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Saks nr. 16/3972-44
15. Høringsinnspeil – Simen Zerehun Halvorsen. Saks nr. 16/3972-45
16. Høringsinnspeil – Sunnfjord Energi AS. Saks nr. 16/3972-46
17. Høringsinnspeil – Statskraft. Saks nr. 16/3972-47
18. Høringsinnspeil – Flora kommune. Saks nr. 16/3972-48
19. Høringsinnspeil – Sogndal Næringsforeining. Saks nr. 16/3972-49
20. Høringsinnspeil – NAF, lokalavdelingar i Sogn og Fjordane. Saks nr. 16/3972-50
21. Høringsinnspeil – Toyota Sogn AS. Saks nr. 16/3972-51
22. Høringsinnspeil – SFE, Sunnfjord Energi og Sognekraft. Saks nr. 16/3972-52
23. Høringsinnspeil – Hordaland fylkeskommune. Saks nr. 16/3972-53
24. Høringsinnspeil – NVE. Saks nr. 16/3972-54
25. Høringsinnspeil – UWC Røde Kors Nordisk. Saks nr. 16/3972-55
26. Høringsinnspeil – Luster kommune. Saks nr. 16/3972-56
27. Høringsinnspeil – Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane. Saks nr. 16/3972-57
28. Høringsinnspeil – Nordfjordrådet Gloppen kommune. Saks nr. 16/3972-58
29. Høringsinnspeil – Aurland kommune. Saks nr. 16/3972-60
30. Høringsinnspeil – Vestlandsforsking. Saks nr. 16/3972-61
31. Høringsinnspeil – Gloppen kommune. Saks nr. 16/3972-62
32. Høringsinnspeil – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Saks nr. 16/3972-63
33. Høringsinnspeil – Fiskeridirektoratet. Saks nr. 16/3972-64
34. Høringsinnspeil – Førde kommune. Saks nr. 16/3972-65
35. Høringsinnspeil – Internt høringsinnspeil frå næring- og kulturavdelings. Saks nr. 16/3972-66
36. Høringsinnspeil – 4H Sogn og Fjordane/Nordvest. Saks nr. 16/3972-69

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Regional plan for klimaomstilling har vore til offentleg ettersyn (jf. FU-sak 25/18), og i samband med høyringa er det kome 31 høyringsinnspeil.

Regional plan for klimaomstilling er den tredje klimaplanen for Sogn og Fjordane. Planen er ei revidering av Fylkesdelplan for klima og miljø 2009, og er eit av dei prioriterte planarbeida i Regional planstrategi 2016-20 (FT-sak 23/16). Planen er ein av dei dei første regionale planane i landet som set klimaomstilling på dagsordenen på denne måten. Målet har vore å forenkle og tydeleggjere dei viktigaste føringane, utan at ambisjonsnivået vert redusert. Intensjonen med revisjonen var at planen skulle munne ut i ein forpliktande klimapolitikk som konkretiserer korleis Sogn og Fjordane kan bli eit føregangsfylke i det grøne skiftet, på vegen mot eit nullutsleppssamfunn (PU-sak 2/16).

2. Innhold i plandokumenta

Planen er 3-delt, med ein kunnskapsdel, ein plandel og eit handlingsprogram. I samsvar med planprogrammet (FU-sak 3/17)/tilrådinga frå planutvalet (sak 6/17), er det prioritert 8 plantema

Kunnskapsdelen presenterer status, utviklingstrekk og utfordringar knytt til kvart plantema.

Plandelen set mål for planperioden 2018-2021. Planen har eit overordna mål om «Saman å få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane». Kvart plantema vert presentert med eigne mål, slik:

- *Temamålet* definerer korleis det einskilde plantemaet skal bidra til å nå det overordna målet for planen.
- *Effektmåla* set ambisjonen for kva fylket skal oppnå i eit langsigtig perspektiv. Effektmåla summerer opp den ønska effekten av resultatmåla og tiltaka.
- *Resultatmåla* er konkrete og målbare ambisjonar for kva fylket skal nå innan gjeldande planperiode.

Nokre av måla i planen gjeld konkret korleis fylkeskommunen skal klimaomstille eiga verksemd. Samstundes er måla utforma slik at dei er relevante også for andre aktørar, og måla gir ein god peikepinn på korleis også andre aktørar kan eller bør jobbe med klimaomstilling.

Handlingsprogrammet gjeld for 2018-2019. Tiltaka er direkte kopla til resultatmåla i plandelen. Vidare har handlingsprogrammet eit vedlegg med 30 tiltak som er retta meir mot kommunane si verksemd. Kommunane kan nytte denne lista som ein idébank i sitt arbeid. Ansvar og initiativ er fordelt mellom regionale aktørar og internt i fylkeskommunen. Alle må jobba aktivt innan sitt ansvar- og arbeidsområde om vi skal lukkast i å klimaomstille oss.

Økonomiske rammar

Planen set føringar for bruk av budsjettmidlar frå teneste 7154 Utviklingsarbeid klima. Samla budsjett for 2018 er 1,580 mill. kr. Samstundes går fleire av tiltaka i handlingsprogrammet inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til ansvarshavar utan ekstra løyving til kostnad og finansiering.

Finansutvalet gjorde i FU-sak 2/17 vedtak om at fylkesrådmannen i samband med arbeidet med ny klimaplan skulle greie ut etablering av eit klimafond for Sogn og Fjordane. Som informert om i FU-sak 25/18 er etablering av eit ev. klimafond ei langsigtig løysning. Med under to år til samanslåing med Hordaland fylkeskommune, vurderer fylkesrådmannen det som lite føremålstenleg å etablere eit eige fond no. Fylkesrådmannen føreslår i staden at noverande tilskotsordning for klima- og miljøtiltak vert styrka med 2 mill. kr i 2018, og med intensjon om å gjere det same i 2019. Denne styrkinga vil kunne få same effekt som eit nytt klimafond ville gitt, inntil samanslåing med Hordaland har tredd i kraft. Dette vert som nemnd handsama i ei sak, parallelt med denne saka.

Tilskotsordninga for klima og miljøtiltak skal fremje initiativ til handling for klimaomstilling og berekraftig utvikling av fylket, sjå handlingsprogram tiltak 15. Ordningsa mål kunne nyttast av både offentlege og private aktørar der kriteria for å nå opp i stor grad vert knytt mot kva effekt tiltaket har for klimaet. Tiltaka som får støtte skal bygge opp under satsingane i Regional plan for klimaomstilling. Dagens tilskotsordning er forvalta av fylkesrådmannen v/plansjefen.

Fylkesrådmannen føreslår at dette held fram etter at ordninga vert styrka.

3. Handsaming av høyringsinnspele

Totalt kom det inn 31 høyringsinnspele. Generelt er tilbakemeldinga at det er ein viktig og relevant plan. Planen er godt strukturert og nyttig for kommunane. Fleire er samde i at det er viktig å satse på klimaomstilling, og ytra ønske om å få vere med å bidra i arbeidet. Fylkesmannen peika m.a. på det gode arbeidet som allereie blir gjort i fylket, som resultat av at den regionale «klimapartnarskapen» saman har hatt ein uttalt ambisjon om å gå i front som fylke når det gjeld klimaomstilling i Sogn og Fjordane.

Høyringsinnspele legg opp til fleire endringar i plandokumenta. Nokre innspele legg opp til endringar av mindre karakter og er ikkje trekt fram i saksframlegget. Andre innspele legg opp til endringar eller inneheld informasjon av ein slik karakter at dei er presentert i saka. Høyringsinnspele og tilråding frå fylkesrådmannen er summert opp i eige dokument (vedlegg 4). Tilrådinga er farge-markert for lettare overblikk, sjå tabell under.

Ikkje tatt til følgje	Tatt til orientering	Tatt til følgje	Tatt til følgje
Innspele er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.	Innspele inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.	Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstillinga.	Endring eller informasjon av politisk betydning og presentert i saksframstillinga.

Grunna høyringsinnspele er nummer på tiltak og mål i planel og handlingsprogram endra sett opp mot høyringsutkastet. I dette saksframlegget er det vist til nummer i framlegg til endeleg vedtak.

3.1. Overordna mål og ambisjonsnivå

Fylkesmannen fremja ønske om å endre formuleringa til det overordna målet og tilhøyrande kulepunkt, slik at fylket sine ambisjonar om å vere eit leiande klimaomstillingsfylket kjem tydlegare fram. Dette fordi ambisjonsnivået verka noko underkommunisert i høyringsutkastet. Fylkesmannen saknar ein meir handlingsretta visjon for planen og forslår m.a. å ta inn stikkorda «smartare, tryggare og grønare» og eit nytt kulepunkt «der fylket utviklar fagmiljø, kunnskap og næring».

Vurdering og konsekvensar

Det overordna målet for planen har vore eit utgangspunkt for heile planprosessen, nemleg å «saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane». Det vert vurdert som lite hensiktsmessig å endre på premissane for planarbeidet i slutten av planprosessen. Hovudpoenget med å nytte seg av «saman» er å poengtere det kollektive ansvaret. Vidare er omgrepene «klimaomstilling» i sin definisjon ambisiøst.

I høyringsutkastet er det i det overordna målet fire kulepunkt som beskriv korleis fylket skal klimaomstille seg. Sogn og Fjordane skal følgje opp dei nasjonale måla som eit minimumskrav, og vi skal ta minst vår del. Tre kulepunkt er knytt til tilpassing og sårbarheit, men satsingar som går på å kople forsking, forvaltning og næringsliv er ikkje tilstrekkeleg forankra. «Smartare, tryggare og grønare» vert ofte brukt til å beskrive ambisjonsnivået knytt til klimaomstilling i Sogn og Fjordane. Omgrepet vert brukt i marknadsføringa av den nasjonale klimaomstillingskonferansen, og er godt forankra i den regionale partnarskapen.

Fylkesrådmannen tilrår at det overordna målet for planen vert endra til:

Saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane

Der fylket er:

- | | |
|------------------|---|
| SMARTARE: | kvar einskild tek ansvar, og fylket utviklar fagmiljø, kunnskap og næring. |
| TRYGGARE: | bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn er tilpassa, og har redusert sårbarheit, i møte med klimaet i dag og i framtida. |
| GRØNARE: | fylket tek minst sin del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon. |

3.2. Temamål

Fleire innspel er knytt til formulering av temamål, effektmål og resultatmål, og at planen ikkje er ambisiøs nok eller nytenkjande. Særleg temamål på «energibruk i bygg» og «næringsliv og teknologi» vert oppfatta som defensive. Fylkesmannen peika i si uttale på at det er lite ambisiøst å berre «ta sin del» for å nå dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon. Dette fordi fylket på nokre felt har føresetnader for å gjere meir enn «vår del». Dei peika mellom anna på næringslivet i fylket, og deira evne til å utvikle og ta i bruk teknologi som bidreg i det grøne skiftet.

Vurdering og konsekvensar

Det kom inn nokre konkrete innspel til endring, og fylkesrådmannen tilrår at det som er markert understreka i teksten under vert lagt til i dei eksisterande målformuleringar i plandelen:

- Temamål på Energibruk i bygg: «Sogn og Fjordane bidreg aktivt til å auke delen fornybar energi».
- Temamål på Næringsliv og teknologi: «Næringslivet i fylket skal bidra til klimaomstilling gjennom ei styrka grøn konkurransekraft».

3.3. Kommuneretta arbeid

Fleire kommunar, inkludert Nordfjordrådet, peika på behovet for støtte og rådgjeving i det kommunale klimaomstillingsarbeidet. Det er ulike behov og ynskjer knytt til fylkeskommunen sitt kommuneretta arbeid, og det er peika på at fylkeskommunen sin rolle som utviklingsaktør og samfunnsutviklar ikkje er tydeleg nok presisert i planen. Prosjektet «Samhandling for Grønt Skifte» er av fleire deltakarkommunar dratt fram som ein god arena for klimaarbeid.

Vurdering og konsekvensar

Behova i kommunane er varierande og tematikken er brei. For å nytte fylkeskommunen sin kapasitet på ein best mogeleg måte, tilrår fylkesrådmannen at tiltak vert endra slik den kommuneretta klimainnssatsen vert styrka, og fylkeskommunen har ei meir aktivt rolle som arenabyggar. Erfaringar og resultata frå prosjektet «Samhandling for Grønt Skifte» skal nyttast i arbeidet vidare på møteplassar for klimaomstilling i kommunane. Sjå tiltak 5.

3.4. Hydrogen

Sju høyningsinnspel påpeikar at satsinga på Hydrogenregion Sogn og Fjordane ikkje er synleggjort i planen. Ein støttar fylkeskommunen sitt arbeid med å sjå på muligheter for verdiskaping og næringsvekst for regionen vår innan hydrogen. Samla går innspela på at fylkeskommunen aktivt må støtte opp om tiltak på hydrogen i fylket, både produksjon, distribusjon, bruk og infrastruktur.

Vurdering og konsekvensar

Hydrogensatsinga til fylket er viktig og bør vere forankra i Regional plan for klimaomstilling. Fylkesrådmannen tilrår at nytt mål vert lagt til i plandelen, sjå M2.2.

3.5. Plast

Flora kommune meiner at planen bør ha eit eige kapittel om plastavfall og utfordringar om bruk, forsøpling og gjenvinning. Naturvernforbundet saknar tiltak for mindre forbruk, og meiner det fine med klimatiltak er at dei stort sett også er bra for miljøet. Mindre forbruk gjer mindre plast, og mindre plast i havet. Det vert vidare påpeika at fylkeskommunen m.a. arbeider aktivt for å redusere bruk og hindre spreiling av gummigranulat frå kunstgrasbanene.

Vurdering og konsekvens

Regional plan for klimaomstilling omhandlar viktige tema knytt til klimautfordringar. Mål og strategiar knytt til miljøutfordringar er ikkje inkludert i planen. Samstundes er særleg gummigranulat frå kunstgrasbaner og marin forsøpling to område som for tida får stor merksemd i klima- og miljørarbeidet. I kunnskapsdelen kap. 3.7 er det gjort greie for sirkulærøkonomi og behovet å finne nye alternativ til dagens ressursbruk og forbruksmønster, slik avfall vert redusert og ressursane blir nytta optimalt. Det nasjonale målet for Norge sitt avfall er at det skal gjere minst mogeleg skade på menneske og naturmiljø. Fylkesrådmannen tilrår difor å innarbeide nye mål i plandelen, sjå M21, M21.1 og M21.2. Vidare at det vert lagt til eit nytt tiltak knytt til å hindre spreiling av gummigranulat, sjå tiltak 27.

3.6. Støtte til kjøp av el-sykclar

Naturvernforbundet har innspel om å gje støtte til kjøp av el-sykclar.

Vurdering og konsekvensar

Bratte bakkar og større avstandar kan for mange vere ein barriere for å bytte bilen med sykkelen. Oslo kommune har m.a. hatt ein slik støtteordning når det gjeld el-sykkel.

Fylkesrådmannen tilrår at innspel vert tatt til følgje og integrert i tilskotsordning for klima og miljøtiltak. Dersom tilskotsordninga vert styrka ved budsjettvedtak, vert det sett av midlar til støtteordning for el-sykler. Retningslinjer for støtteordning må utarbeidast før ordninga vert lyst ut. Sjå tiltak 15.

3.7. Regionale tilskotsmidlar

Fire kommunar (Førde, Naustdal, Jølster og Flora) meiner at klima- og miljøkrav bør settast til tildeling av alle regionale tilskotsordningar. Fylkeskommunen har eit samfunnsansvar ved tildeling av midlar.

Vurdering og konsekvensar

I fylkesdelplan for klima og miljø er det vedtatt at miljøprofil skal vektleggast i tildeling av regionale utviklingsmidlar. Det manglar fortsatt gode nok rutinar på dette, og tiltak 17 vidarefører dette arbeidet. Fylkeskommunen har stor påverkingskraft som samfunnsutviklar. Fylkeskommunen kan auke fokuset på klimavenlege løysingar og klimaomstilling ved å mellom anna stilla krav til samarbeidspartnarar og dei prosjekta og tiltak vi bidreg med midlar til. Fylkesrådmannen tilrår difor at innspel er tatt til følgje og tiltak vert endra til å omhandle alle regionale tilskotsordningar. Sjå tiltak 17.

3.8. Nye tiltak knytt til reduksjon av klimagassutslepp i transportsektoren og klimatilpassing av fylkesvegnettet

Då Regional plan for klimaomstilling blei lagt på høyring var innspel om at satsinga knytt samferdslesektoren ikkje var synleggjort i handlingsprogrammet. Mål, strategiar og tiltak for klimagassreduksjon er samordna med Regional transportplan 2018-2027. RTP er nyleg vedteken, og ein har difor ikkje sett nye målsettingar for klimaomstilling av samferdslesektoren i Regional plan for klimaomstilling. I utsendingsbrevet til høyringsinstansane vart det difor lagt ved eit vedlegg med ei liste over mål, strategiar og tiltak frå RTP.

Vurdering og konsekvens

Fylkesrådmannen tilrår at målsettingane og tiltaka knytt til klimaomstilling som er vedteke i RTP vert innarbeid og synleggjort i handlingsprogrammet. Sjå tiltak 6 og tiltak 7.

3.9. Kollektiv og gang- og sykkelveg

Fleire høyringsuttalar peika på behovet for betre kollektivalternativ og tilgang til gode løysingar for sykling og gåing. Det er ynskeleg med fleire prioriterte midlar til gang- og sykkelveg også utanom «sykkelbyane». Kollektivreiser er noko av det ungdommen er mest opptatt av. Vidare er kollektivtilbod mellom knutepunkt viktig sett i samband med kommunereforma.

Vurdering og konsekvens

Nokre innspel er delvist dekka av tiltak om å auke delen kollektivreiser, sjå tiltak 8. I Regional plan for klimaomstilling er mål, strategiar og tiltak knytt til kollektiv og gang- og sykkelveg samordna med vedteken Regional transportplan og Gå- og sykkelstrategi Sogn og Fjordane. Endringar i mål, tiltak og budsjett er naturleg å handsame ved revidering av RTP.

Fylkesrådmannen tilrår at innspela ikkje vert tatt til følgje vidare i denne planen.

3.10. Talfesta mål for utsleppsreduksjon

Hordaland fylkeskommune saknar årstal og talfesta mål for kutt i klimagassutslepp frå ulike sektorar i planen.

Vurdering og konsekvens

I planen er det eit mål at Sogn og Fjordane tar minst sin del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon. Fylkeskommunen har ikkje ei fullstendig oversikt over klimagassutslepp frå eiga verksemد, vidare har det vore usikkerheit med utvikling over tid i utsleppstala frå SBB. I planarbeidet er det difor ikkje vurdert som hensiktsmessig med talfesta mål før ein har på plass eit fagleg grunnlag for å setje gode og realistiske mål. I tiltak 35 er det eit satsingsområde å få på plass eit klimarekneskap og god rutine for rapportering av eigne utslepp. I tillegg publiserte Miljødirektoratet i april 2018 ny statistikk for klimagassutslepp, og desse tala er utvikla for å vere mest mogeleg samanliknbare over tid. Samla er dette eit viktige verktøy i oppfølgingsarbeidet og

seinare revidering av planen. Kap. 1.3 i kunnskapsdelen er oppdatert med dei nyaste utsleppstal frå Sogn og Fjordane.

4. Konklusjon

Plandelen og handlingsprogrammet er to viktige dokument som set føringar for klimaomstillingarbeidet i fylket dei komande åra.

I samband med høyringa har det kome mange gode, konkrete og interessante innspel som har bidrige til å kvalitetssikra planen. Høyringsinnspela og tilrådingane frå fylkesrådmannen er summert opp i vedlegg 4. Ti konkrete innspel av politisk betyding er drøfta i saka. Generelt tilråder fylkesrådmannen at høyringsinnspela vert tatt til følgje med små endringar og tillegg knytt til eksisterande mål og tiltak. Fylkesrådmannen tilrår at nokre innspel vert tatt til følgje med større endringar, slik overordna mål vert formulerert på ein meir «smart» og presis måte. Vidare vert det lagt til nytt mål knytt til hydrogen og plast, og nye tiltak knytt til plast og transport.